



Stord



FITJAR

Informasjonsskriv frå:

01/2011

Stord Fitjar Landbruks- og Miljøkontor



Kurs om garden som ressurs

Gardbrukarar med interesse for Inn på tunet (IPT) bør merka seg kurset "Garden som ein pedagogisk ressurs og læringsarena" for skuleåret 2011/2012. Kurset gjev **10 studiepoeng** og vert organisert frå Høgskulen i Molde. **Påmeldingsfrist er 15. mai 2011** og eksamensavgifta er kr 1000,- Fleire opplysningar finn du på <http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=1323&amid=3492433>

Viltforvaltning

Forvaltningsplan for hjort

I 2005 vart det utarbeidd forvaltningsplan for hjort på Stordøya. Det er planlagt å starte opp arbeid med revidering av forvaltningsplanen i løpet av 2011. Det vil verte varsla offisiell oppstart av planarbeidet. Dersom de har spørsmål eller innspel til planen eller planprosessen kan de kontakte Ingunn Varanes på inva@fitjar.kommune.no.

Inn på tunet

Landbruks- og miljøkontoret søkte i februar 2011 Innovasjon Norge om midlar til eit Inn på tunet (IPT) – løft prosjekt i Stord kommune. Diverre nådde ikkje vår søknad opp hjå FMLA som innstiller søknadene, og siste sjanse for å søkje igjen er i 2012. Om prosjektet, som i første rekke rettar seg mot kjøparar av IPT tilbod, startar opp i 2011 er difor usikkert. Det som er positivt er at me for tida registrerar at fleire bønder i Stord er interesserte i å utvikle ulike IPT tilbod på sin gard.



Rapport over prosjekt "fjerning av sitkagran i Fitjarøyane"

Prosjektet er no godt i gang. Det er med grunnlag i tiltaks- og skjøtselsplan løyvd til saman kr 283 000 for Eggøy, Straumøy, Siglo og Smedholmen, av eigne prosjektmidler. Prosjektplanen går over 10 år, dvs at søknader om støtte til fjerning av sitkagran vert mottatt fortløpande. Prioritering av søknader vert gjort i samsvar med prosjektplan. Sjå

<http://www.livskraftig.no/686/6355.html>.



Samordna uttak:

Det er eit ynskje frå fleire grunneigarar å få hjelp til uttak av sitkagran frå øyane. Det har per i dag ikkje lukkast å få dette til. Årsaka er usikkerheit om økonomi knytt til ordinært uttak og levering. SFLMK har søkt om prosjektmidler til "samordning av felles uttak".

Referanseområde kystlynghei

Fitjarøyane er av Direktoratet for naturforvaltning utvalt som ein av 23 områder i Norge. Det vert nå arbeid med å utarbeide handlingsplan for kystlynghei. Me forventar at brukarar med grunnlag i driftsavtale skal få spesiell hjelp med skjøtsel av kystlynghei i ein 10 års periode. <http://www.fitjarposten.no/interaktivt/item/6295-verdfullt-kystlandskap-i-fitjaroyane>.

Forprosjekt "Poteter frå Fitjar"

I fjor var det bønder i Fitjar som deltok på kurs i potetdyrking og det vart dyrka ca 30 tonn poteter totalt i bygda. Dette har mange forbrukarar fått gleda av i haust og vinter.

No har nokre bønder teke initiativ til å gjennomføra eit forprosjekt der målet er å få avklart om det let seg gjera å ta til med ei felles satsing på potetdyrking i Fitjar. Landbruks- og miljøkontoret står som prosjektansvarleg, og Samarbeidsrådet for Sunnhordland er også delaktig i dette arbeidet. Det er søkt om midlar til prosjektet både hjå Fylkesmannen i Hordaland si landbruksavdeling og hjå Stiftinga Hordaland Landbruksselskap. Førebels har FMLA løyvd kr 100.000,- i BU- midlar til prosjektet.

Vandring i Hordaland

Stord og Fitjar er med i dette prosjektet som arbeider med kartlegging av turstiar, betre skilting, gradering av vanskegrad og internettinformasjon, Turstiar som vert oppgradert på merking, skal ha grunneigaravtale. Nokre turar går over eller i kant av jordbruksareal. Er det behov for rydding eller anna tiltak, kan det søkast om SMIL tilskot til dette. Minner og om årlege driftstilskot gjennom Regionalt miljøprogram på kr 7,- pr meter, med søknadsfrist 20.08.



Skogen

Kulturtiltak i skogen

Naudsynt ungskogpleie er noko av det mest lønsame tiltak ein skogeigar kan gjera i skogen sin. Gjennom ungskogpleie ivaretek ein tidligare investeringar, det sikrar optimal produksjon og kvalitet for framtida, og det ser ryddigare og finare ut i skogen. Ved å utføre nødvendig pleie oppnår ein kortare omløpstad, opp til 10 – 15 år. Det kan søkjast om tilskot til ungskogpleie av offentlege NMSK-midlar. Ein kan og bruka av skogfondsmidlar som skogeigaren disponerer. I Stord og Fitjar er tilskotet inntil 80 %. Den kommunale potten handsamast av Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor. Søknadsfrist 15. mai. NMSK-søknad om tilskot til vegbygging og drift med taubane vert handsama av Landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen i Hordaland. Søknadsfrist 3. mai.

Utfordringar for skogbruket

Dei siste 30 åra har me sett eit skifte frå mykje ungskog over til mellomaldrande og eldre skog. Det vert mykje hogstmogen skog i kommunane dei neste 20 åra. Det vert ein utfordring å få ut tømmeret. Skogsvegar er naudsamt, men dei offentlege vegane, særleg kommunale vegar og gamle fylkesvegar er svært dårlege og tåler ikkje større trafikk av maskiner og tømmerbilar. Transportkostnadene ligg dobbelt så høgt som på Austlandet og dette går av skogeigar sin netto av hogsten. Det er difor særst viktig at me samordnar drifter slik at kostnadene med transport pr. skogeigar blir minst mogleg. Kontakt Vestskog eller Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor slik at me kan samordna driftene framover.

Felles søknadsfrist for SMIL og NMSK- tilskot 2011 er 15 mai

SMIL: Gjennom ordninga "særskilde miljøtilskot i landbruket" (SMIL) kan det bl.a søkjast om tilskot til:

- Planleggings av fellesprosjekt
- Istandsetting av kulturlandskap eller områder med spesiell biologisk mangfold
- Istandsetting og tilrettelegging av stier og ferdselsveger
- Istandsetting av kulturminne og verneverdige bygningar

Søknadsskjema og meir info får hos SFLMK eller her:

<http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=22417&amid=1315692>

Rapport: I 2010 vart det løyvd SMIL tilskot til 11 tiltak (av 11 søknader) i Stord og til 21 tiltak (26 søknader) i Fitjar.

NMSK: Gjennom ordninga "tilskot til nærings- og miljøtilskot i skogbruket" (NMSK) kan det bl.a søkjast om tilskot til:

- Ungskogpleie
- Markflekking
- Planting
- Felling av nyttbart lauvtrevirke i samband med etablering av kulturskog.
- mm

http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/dok/veiledninger_og_brosjyrer/2004/skjema-skoa.html?id=88101 Søknad sendes til SFLMK, pb 83, 5418 Fitjar.

Informasjon om Landbruks- og miljøkontoret

Audun I. Torvund

Tlf: 53 45 85 47

E-post: audun.torvund@fitjar.kommune.no

Landbrukssjef og dagleg leiar

Landbrukssaker, nærings saker/bruksutbygging, plansaker, kommuneplanarbeid, buplikt, driveplikt, rettleiing og handsaming av saker i høve til jordlova, konsesjonslova, odelslova m.fl.



Aase Nøttveit – 80 %

Tlf: 53 45 85 48

E-post: aase.nottveit@fitjar.kommune.no

Fagkonsulent landbruk

Produksjonstilskot, avløysartilskot, sjukeavløysing, tidligpensjon, praktikantordning, SMIL (særskilde miljøtilskot), miljøplanar, RMP (regionalt miljøprogram), gardskart og landbruksregister m.m.



Kari Rydland – 80 %

Tlf: 53 45 85 49

E-post: kari.rydland@fitjar.kommune.no

Konsulent landbruk og miljø

Miljøspørsmål, forureining, utsleppsløyve, tilleggsnæringar til landbruket, "Inn på tunet", produksjonstilskot, konsesjonsfritak, bygdeutvikling, kontaktperson friluftsliv (Fitjar) m.m.



Ingunn Varanes

Tlf: 53 45 85 34

E-post: ingunn.varanes@fitjar.kommune.no

Konsulent miljø

Viltforvaltning, naturvernområde, miljøspørsmål, forureining, biologisk mangfald, plansaker, havbrukssaker, motorferdsel, konsesjonsfritak, miljøsertifisering m.m.



Ole-Kristian Trondsen – 60 %

Tlf: 53 45 85 51 / 91 70 21 93

E-post: ole-kristian.trondsen@fitjar.kommune.no

Fagkonsulent skogbruk

Skogspørsmål og skogforvaltning; skogkultur, hogst, skogfond, skogsvegar, miljøtiltak i skogen, viltforvaltning m.m. Utfører skogtenester for Bømlo og Austevoll

